

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 10.05.2011
Frå: **Administrerande direktør**
Sakhandsamar: **Hilde Christiansen**
Saka gjeld: **Deltid**

Administrerande direktør si orientering pkt 4
Styresak 056/11 O

Styremøte 01.06. 2011

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har i Føretaksmøte med Helse Vest RHF bedt om at helseføretaka i regionen i samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane reduserer delen deltid med minst 20 prosent i 2011.

Fakta

Deltidskartlegging

Det er mange årsaker til at medarbeidarane ikkje arbeider fulltid og det er derfor viktig for føretaka å kartlegge kvifor deltidsmedarbeidarane jobbar deltid. Det er også viktig for føretaka å vite kor mange medarbeidrarar som har reell deltidsstilling og kor mange av dei som ønskjer å auke stillingsstørrelsen sin.

Det er utvikla ein felles deltidskartlegging i Agresso der alle dei faste medarbeidarane som ikkje er i full stilling skal svare på nokre få spørsmål. Denne kartlegginga skal ligge fast i Agresso, og det blir dermed ein dynamisk undersøking av deltid der medarbeidarane til ein kvart tid kan oppdatere sin eigen informasjon om deltid. Det er fleire fordeler ved å ha ein kontinuerleg kartlegging av deltid. Dette gir føretaka ein god moglegheit til alltid å ha oppdatert informasjon om deltidsbruk ved føretaka. Dei medarbeidarane som ikkje registrerer sine opplysningar vil etter ein avtalt periode bli koda med "Eiga ønskje".

Dersom vi klarer å endre deltidsandelen kan det føre til noko mindre behov for rekruttering og opplæring, talet på midlertidige tilsette kan bli redusert og det kan føre til redusert bruk av innleige i deler av året. Føretaka har også ein mogelegheit til å redusere den uønska bruken av dei små stillingsstørrelsane. Det er likevel viktig å merke seg at det er mange tilsette som er i roller/oppgåver i mindre stillingsstørrelse som vi ikkje ønskjer å endra. Døme på dette er kombinert tilsetting i helseføretak/universitet/høgskule, AFP uttak med redusert arbeidstid, delvis ufør i del av stilling, midlertidig redusert stilling av viktige sosiale grunnar med vidare.

Det er eit mål at medarbeidarane engasjerer seg i kartlegginga og aktivt oppdaterer sin profil, ikkje bare ved førstegangskartlegginga, men at dei oppdaterer når dei ønskjer endringar.

Deltidskartlegginga er lagt opp rundt nokre få spørsmål. Medarbeidarane blir bedne om å registrere årsaka til at dei jobbar deltid. Det er lagt opp til at medarbeidarane skal velje eit ut av fleire årsaksforhold.

Eksempel, medarbeidardel:

The screenshot shows the 'Ressursinformasjon (24)' (Resource Information) screen with the 'Deltidkartlegging' tab selected. The form contains several sections:

- Instruksjoner:** A note about being registered with a part-time position.
- Årsak til deltid:** A dropdown menu for the reason of part-time work, with 'Dersom annet, oppgi årsak' (If not, specify reason) as an option.
- Stillingsredusjon:** An input field showing '0,00'.
- Ønsker høyere stillings%:** A dropdown menu for desired higher percentage, with '0,00' as an option.
- Instruksjoner:** A note about being asked about part-time work.
- Detaljer:** A note about being asked about other jobs.
- Oppdatering:** A note about updating data.

At the bottom right, it says 'Agresso Business World THS001 IENV 24'.

I deltidskartlegginga står desse årsakene oppført:

- Stilling/bistilling utdanningsinstitusjon
- Stilling hos annen arbeidsgivar
- Redusert stilling av helsemessige årsaker
- Redusert stilling sosiale/vektige grunner
- Gradert AFP/alderspensjon
- Gradert sjukemelding
- Gradert tilrettelegging
- Utdanningspermisjon
- Etter eige ønske
- Andre årsaker (angir årsak om dei ønskjer det)

Dersom medarbeidaren ikkje finn si grunn til deltid er det i kartlegginga lagt opp til eit eige felt der medarbeidaren kan skrive inn årsak.

I kartlegginga er det også eit spørsmål om medarbeidaren ønskjer høgare stillingsprosent. Her skal medarbeidarane svare anten ja eller nei. Dei som svarar nei på dette spørsmålet er ferdig med kartlegginga, mens dei som svarar ja kan fylle ut spørsmåla om ein har søkt andre stillingar og om kor raskt ein kan starte i en ny stilling. Denne deltidskartlegginga vart rulla ut i føretaka i veke 18 og 19.

Leiarane si oppfølging av deltidskartlegginga (verktøyet) er snart på plass i føretaka. Den tekniske løysinga i Agresso er ferdig produsert av EDB Ergo, men verktøyet må testast ut før det blir satt i full produksjon. Leiarane og HR vil bli varsle om endringar dersom medarbeidarar gjer endringar i deltidskartlegginga.

Deltidskartlegginga vil gi grunnlag for faste månadlege rapporteringar. Føretaka vil få kunnskap om kor mange av medarbeidarane som er interessert i å auke stillingsstørrelsen sin, både i løpet av ein månad, i løpet av seks månader og på lengre sikt. Det vil då vere mogleg å "flåtestyre" dei som ønskjer høgare stillingsdel.

Føretaka kan arbeida aktivt saman med dei tilsette som ønskjer auka stilling på fleire måtar, for eksempel ved å tilby auka stillingsdel knytt til Ressurssenter, ved å bruke timebank, ved å tilby kombinerte stillingar og ved å tilby same type stilling på fleire einingar, men med samanstilt arbeidsplan med vidare. Det er fleire av tiltaka som inneber drøfting og avtale med tillitsvalde i kvart av helseføretaka. Helse Vest legg til grunn at det ikkje er eit enkelt tiltak som vil gje resultat, mein eit mangfold av tiltak. Reduksjon av deltid skal skje innanfor dei økonomiske rammene som er til rådvelde for HF-a gjennom vedtatt budsjett.

Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har ein politikk og praksis der dei tilsett medarbeidarane i 100 prosent stilling. Selskapet har derfor ikkje deltidstilsette med mindre omsynet til den enkelte medarbeidaren gjer at stillingsstørrelsen er redusert, enten for ein kort eller lengre periode. Helse Vest IKT har per i dag om lag 30 medarbeidarar som har deltidsstillingar, ingen av dei har ufrivillig deltid. Ein god del av dei som har midlertidig redusert stillinga si, vil få auka stillinga si når tilhøva ligg til rette for det.

Total stillingsstørrelse

I samband med deltidskartlegginga har det no starta eit arbeide som har som målsetting å splitta den registrerte stillingsstørrelsen i Agresso opp i to felt. Hensikta er å skilje mellom kva for ein stillingsprosent medarbeidarane er tilsett i, og kva for ein stillingsstørrelse som medarbeidarane faktisk arbeidar. Ein medarbeidar kan for eksempel vere tilsett i ein 100 prosent stilling, men ha permisjon etter arbeidsmiljølova kapittel 12, Rett til permisjon. Medarbeidaren har ved slike tilfelle ein faktisk arbeidstid under 100 prosent. Praksis i slike tilfeller har fram til nå vore å registrere den faktiske arbeidstida inn i Agresso definert som utlønningsprosent. Ein har då registrert ein lågare stillingsstørrelse i Agresso enn det medarbeidaren er tilsett i. Konsekvensen har vore at desse medarbeidarane her registrert med ein lågare stillingsprosent enn dei er tilsett i.

Det vil i løpet av relativt kort tid bli registrert stillingsstørrelse i tråd med tilsettingsavtalen og registrering av redusert stilling. Vil med dette få eit meir nyansert bilet av deltidsbruken i føretaka.

Tilkallingsvikarar

Helseføretaka har fram til no hatt ei gruppe medarbeidarar som ikkje har vore registrert med nokon fast stillingsstørrelse, tilkallingsvikarar. Ein stor del av tilkallingsvikarane er faste medarbeidarar som ønskjer høgare stillingsdel, men med fleksible løysingar. Denne registreringa vil bli avvikla for faste tilsette. Bruk av tilkallingsvakter blir på generelt grunnlag gjennomgått i alle helseføretaka. Det er eit mål at ein anten er fast tilsett, tilsett som vikar eller tilsett i ein tidsavgrensa periode. Studentar er ei gruppe som tradisjonelt har nytta høvet til å ha eit fleksibelt tilsettingsforhold til helseføretaka. Tilsetting av studentar er eit ønske både frå helseføretaka og for studentane. Det er skissert ulike løysingar som tar omsyn til deira behov for fleksibilitet og avvikling av tilkallingsavtaler slik det har vært fram til no.

Utdrag frå rapportering til HOD april 2011:

	Tal medarbeidarar fordelt på total stillingsprosent og tid for org. eining Alle avdelinger, stilling: alle yrkesgrupper, ansatt type: fast og kjønn: alle kjønn												
	Deltid										Heiltid	Totalt eks tilkalling	
	0 %	0,1-9,9%	10-19,9%	20-29,9%	30-39,9%	40-49,9%	50-59,9%	60-69,9%	70-79,9%	80-89,9%	90-99,9%	100 %	
201012	701	25	281	372	129	257	1 664	651	1 611	1 929	481	9 729	17 129
201101	632	24	308	396	138	256	1 661	654	1 628	1 926	497	9 775	17 263
201102	663	25	317	393	140	262	1 654	639	1 587	1 926	496	9 728	17 167
201103	645	24	326	405	145	265	1 646	654	1 625	1 970	501	9 892	17 453
201104	654	24	328	407	145	263	1 659	661	1 609	1 984	494	9 915	17 489
201105	667	23	327	407	143	263	1 650	641	1 625	1 966	498	9 902	17 445
Andel av totalt tal tilsette april 2011 eks tilkalling		0,1 %	1,9 %	2,3 %	0,8 %	1,5 %	9,5 %	3,7 %	9,3 %	11,3 %	2,9 %	56,8 %	100,0 %

Data overført frå Agresso: 14.05.2011 02:34

Indikatorar

Det vil i løpet av mai månad bli etablert felles nasjonale indikatorar for rapportering av deltid og prosessindikatorar for å følgja utviklinga. Dette skjer i samarbeid mellom dei fire regionale helseføretaka og HOD.